

Kostnadsbrems for bønder, men dette drar prisane opp

2024-09-25

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

4 NYHETER

Onsdag 25. september 2024

NATIONEN

Kostnadsbrems for bønder, men dette drar prisane opp



Prisen på diesel er ein av innsatsfaktorane i jordbruket som har auka mest, men nå er det teikn til nedgang. FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Prisane på viktige innsatsfaktorar i jordbruket held fram med å gå ned. Særleg ein tung kostnad drar motsett veg. Slik ser analytikar på vegen vidare.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

KOSTNADSNIVÅ

Kostnadsnivået i jordbruket har snudd og prisane på fleire sentrale innsatsfaktorar for bønder går nedover.

Det viser indeksen for kostnadsveksten til bønder, Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Brems i kostnadsvekst

Kraftig prisvekst på energi og gjødsel drog kostnadene i jordbruket og matproduksjonen kraftig opp i 2021 og 2022, men etter ein topp hausten 2022 har pilene stort sett peika nedover for Bondens prisindeks (BPI).

Konsumprisindeksen (KPI), ofte omtalt som den generelle prisveksten i samfunnet, har derimot klatra vidare oppover i same tidsrom.

Dei to prisindeksane begynner nå å nærme seg same nivå.

Bondens prisindeks (BPI) har gått ned 7,4 prosent sidan toppen i oktober 2022. Det siste året er prisnedgangen på 1,8 prosent.

Den generelle prisveksten i samfunnet har parallelt vore på 5,8 prosent sidan oktober 2022 med ein oppgang på 2,6 prosent siste året.

Avstanden mellom BPI og KPI var i august på berre 2,2 prosentpoeng. Det i motsett-

ning til i oktober 2022 då prisindeksen viste over 20 prosentpoeng større prisvekst i jordbruket enn generelt i samfunnet.

Gjødsel og energi drar ned

Nedgang i prisar på gjødsel og energi blir trekt fram som forklaring på at kostnadsveksten i jordbruket har gått ned dei to siste åra.

«Hovedforklaringen er nok at prisen på gjødsel, som er en svært viktig innsatsfaktor for jordbruket, har normalisert seg etter en kraftig prisvekst i 2022», skriv prosjektleiar i AgriAnalyse, Anel Finci, i ein e-post til Nationen.

Prisane på kunstgjødsel har gått ned 24 prosent globalt det siste året og ligg nå nær 60 prosent under toppnivået i april 2022.

Produksjonen og marknaden har ifølge Finci klart å tilpasse seg det han omtalar som eit «kraftig prissjokk».

Finci trekker også fram at energiprisane, og særleg strømprisen, har gått ned og at det er etablert nye importkjelder til Europa for flytande gass.

Tung kostnad drar opp

Særleg ein tung kostnadspost drar derimot motsett veg for kostnadsutviklinga i jordbruket.

Kraftfór er ein av dei desidert største kostnadene for norske bønder. I år reknar Budsjett-



Etter hausten 2022 har pilene stort sett peika nedover for Bondens prisindeks (BPI).

nemnda for jordbruket med ein samla kostnad på 10 milliardar kroner til kraftfór.

Indeksen til AgriAnalyse viser at kraftfórprisen her i landet har gått opp fem månader på rad og nå ligg fem prosent høgre enn i mars.

Frå juli til august var kraftfór einaste faktor som drog totalindeksen opp.

Låg kronekurs og prisopp- gang på viktige importråvarer

er årsaka, ifølge AgriAnalyse.

«Denne prisveksten kan knyttes til prisøkning på enkelte viktige importråvarer, og den lave kronekursen. Det har i perioder vært særlig høy pris på soya og hveten», skriv Finci.

Svak kronekursen drar ifølge Finci isolert sett kostnadsveksten til bøndene oppover.

«Kronekursen bidrar å trekke BPI oppover indirekte gjennom prisen på kraftfór ved at inter-

nasjonale råvarer blir dyrere når de importeres til Norge», skriv han.

– Ein jøker

AgriAnalyse ventar at kostnadene i jordbruket kan halde fram med å falle.

«Det er grunn til å tro at denne tendensen vil fortsette fremover også», skriv Finci til Nationen.

Han viser til at konsumpris-

r bønder, sane opp



FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

deksen til SSB har vist ein lågare veksttakt dei siste månadene. Det er ifølgje Finci også venta at energivarer vil halde seg på eit lågare nivå samanlikna med toppen i 2021 og 2022.

«Oljeprisen faller, og i tillegg meldes det jo om mye nedbør og høy fylling i vannmagasiner her hjemme som trekker ned strømprisen. Gjødelsprisen ser også ut til ha stabilisert seg», skriv Finci.

Prisen på diesel gjekk 4,2 prosent ned frå juli til august, ifølgje AgriAnalyse, som trekker fram at diesel er den innsatsfaktoren som bidreg nest mest til nedgangen i BPI i august.

Fall i oljeprisen kan ifølgje Finci føre til vidare fall i dieselprisen framover.

Om den generelle prisveksten i samfunnet vil ta igjen og gå forbi indeksen for kostnader i jordbruket er ifølgje Finci i stor

grad avhengig av vidare prisutvikling for særleg gjødsel og kraftfôr.

«Dette syns jeg er veldig vanskelig å svare på, og vil særlig avhenge av prisutviklingen for de jordbruks-spesifikke innsatsfaktorene som gjødsel og kraftfôr. Mye tyder på at gjødelsprisen har stabilisert seg så her er det kanskje særlig kraftfôrprisen som er en joker», skriv Finci.

Dobling i bruk av KI fra i fjor

Én av fem norske foretak bruker teknologien kunstig intelligens (KI). Det er særlig bruken av generativ KI som tas i bruk.

21 prosent av norske foretak med minst ti ansatte bruker en eller flere KI-teknologier i år, viser undersøkelsen Bruk av IKT i næringslivet fra Statistisk sentralbyrå.


Dette er mer enn dobbelt så høy andel som i fjor.

Det er særlig det som kalles

generativ KI - altså teknologi som har evnen til å lage nytt innhold som tekst, datakoder, bilder eller video - som flest har tatt i bruk.

Tekstanalyse er den KI-teknologien som øker mest. Fra kun 4 prosent i både 2021 og 2023 har andelen økt til 15 prosent så langt i år.

Foretak som driver med informasjon og kommunikasjon, er de største KI-brukerne. Rundt tre av fem slike foretak bruker en eller flere KI-teknologier. Det er to til tre ganger mer enn de nest største brukerne. (@NTB)



ChatGPT, utviklet av det amerikanske selskapet OpenAI, har fått mye oppmerksomhet for evnen sin til å konstruere tekster som til forveksling kan ligne tekst skrevet av et menneske.

FOTO: MATT ROURKE / AP / NTB

Rekordmange søker momskompensasjon – 2,4 milliarder deles ut

I år har 24.800 frivillige lag og foreninger søkt om 2,78 milliarder kroner i momskompensasjon. Høy aktivitet har gitt ny rekordmange søkere.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har fått over 2700 søknader, og flere kommer fra store paraplyorganisasjoner som Norges idrettsforbund, Norges Røde Kors og Norges Musikkorps Forbund.

Det er nesten 300 søknader flere enn i fjor og over 500 flere enn for to år siden. I fjor fikk i overkant av 23.000 frivillige

organisasjoner utbetalt momskompensasjon, ifølgje Marianne Skjeldestad Hove i Lotteritilsynet.

- Årets søkertall viser at vi, sammen med sentralledene, har lykkes med å nå ut med ordningen til det frivillige Norge, sier Hove i en pressemelding.

Av de 2,78 milliardene som er søkt om, skal 2,4 milliarder deles ut. Det skjer i desember. Hvor mye hver søker får, er ikke klart før alle søknadene er behandlet. Hvis pengene som er bevilget av Stortinget ikke strekker til, blir alle beløpene redusert med samme prosent-sats. (@NTB)